

71258157


**FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandler, innvalgstelefon
Fylkesskogsjef Harald Nymoen, 71258208

Vår dato
18.11.2003
Deres dato
28.10.2003

Vår ref.
2003/12977/HANY/510
Deres ref.

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

**MERKNADER TIL FORSKRIFTER OM TILSKOT TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET OG FORSKRIFT OM TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser til utsendt høyringsutkast, og vil med dette gje nokre innspel til begge forskriftene.

1. Høyring - Utkast til forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Vi viser til oversending av framlegg til ny forskrift for bruken av verkemidlane i skogbruket. Målet med omlegginga er å styrkje lokal prioritering og medverking til utviklinga i næringa. I omlegginga ligg og eit mål om styrking av lokaldemokratiet. I utkast til ny forskrift for miljømidlane i landbruket er i § 8 tatt inn at kommunen skal utarbeide ein strategi for bruken av slike midlar og krav om medverking frå næringa. Liknande krav burde og vore sett til administrasjon av skogmidlane.

Utkastet til forskrift er diskutert med miljøvernavdelinga her. Vi har tatt omsyn til deira kommentarar i vårt høyringssvar.

Det er behov for midlar til fellestiltak fylkesmannen kan disponere i samråd med kommunane. Dette kan vere midlar til informasjon, felles satsing på skogkulturaktivisering og til felles tiltak på vegsektoren.

I høyringsbrevet er sett avgrensing av bruken av midlane til vegformål med maksimum 50% av tildelte beløp i den enkelte kommune. Dette er ei avgrensing som vil få svært store konsekvensar. Investeringar i skogsvegar varierer over tid og mellom kommunar. Vi har vondt for å forstå kva som ligg til grunn for ei slik avgrensing. Ei slik avgrensing ville få langt mindre konsekvens dersom denne avgrensinga kunne gjelde for kommunane samla, - det er fylket sett under eitt. Vi har lagt ved ein tabell som viser kva kommunane har brukt til skogkultur og skogsvegar dei tre siste åra, og kva utslag ei liknande avgrensing ville fått på samla veginvesteringar dei same åra..

Kapittel 2. Tilskot til skogkultur.

§2-1 gir ei oppstilling av fleire tiltak enn dei vi til vanleg forstår med omgrepet skogkultur. Det ville vere meir presist om kapittelet hadde overskrifta *Tilskot til skogkultur og skogbehandling*.

Siste leddet i § 2-1 inneheld forbod om å gi tilskot til utstyr, såing og planting og andre tiltak som gir overskot ved uttak av virke. Vi vil minne om at furuskogen i fylket av historiske årsaker har svært låg kubikkmasse, og ofte slik at hogst i slik skog ikkje gir overskot nok til å betale etablering av ny skog. Samtidig er fleire verksemdar avhengig av dette råstoffet til foredling. Samla vil aktivitets- og samfunnsvinsten vere stor om slike skogområde kunne avbøte negativ rotnetto etter hogst og skogkultur med tilskott. Kommunar med slike område bør få høve til å gjere unntak frå forbodet om tilskot til forynging.

Ei negativ avgrensing til ikkje å kunne prioritere tiltak innan skogkulturen som den einskilde kommune måtte finne riktig og prioritere, er i motstrid med intensjonane i kommuneprosjektet.

Kapittel 3. Tilskot til vegbygging.

Vi støtter framlegget om at tilskot skal gå til heilskapsløyser som gir grunnlag for betre utnytting av skog- og utmarksressursane. Vi går då ut frå at det med heilskapsløyser er meint veg som er i tråd med godkjend hovudplan eller skissert løyser for slik plan.

Vi støtter og kravet om at det skal føreligge ein byggeplan som skal vere godkjend av kommunen. Det går ikkje fram i forslaget kva som ligg i omgrepet byggeplan. Vi meiner at byggeplan minst bør omfatte kart med innteikna midtline, lengdeprofil, arbeidsbeskriving, kostnadsoverslag og masseutrekning for vegar der det er behov for større masseflytting. Dette bør gå fram av forskrifta eller anna rettleiing. Vi foreslår at det i samband med den nye forskrifta blir utarbeidd ei liste over viktige ord og omgrep som blir brukte.

Kapittel 4. Tilskot til miljøtiltak i skog.

Tilskot etter §4-2 bør behandlast om lag etter same lest som i dag. MIS-registreringane er ikkje gjennomført over heile fylket. Før vi har fullstendig registrering av skogområda bør skogeigarane få høve til å søkje slikt tilskot på like vilkår.

Kapittel 5. Tilskot til andre tiltak i skogbruket.

Etter tal frå NIJOS er 1/3 av skogarealet i M&R taubaneterreng. Siste året er det drive ut ca 10.000 m³ med taubane. Tømmer frå bratt terreng har ofte høg foredlingsverdi på grunn av høg alder, grove dimensjonar og spesielle kvalitetar. Lokal industri har utstyr og kompetanse på foredling av slikt virke. Dette er industri som har knapp tømmeretilgang og med fare for nedlegging dersom tilgangen på tømmer blir redusert.

Framlegget inneber at det ikkje lenger skal vere høve til å gi tilskot til taubanedrift. I 2003 har fylket hatt kr 600.000 i tilskot til taubanedrifter. Utan tilskot ville det ikkje

vore økonomisk interessant for skogeigarane å drive desse areala. Tilskotsordninga har sikra ca 7 årsverk og forsynt fleire lokale sagbruk med tømmer.

Etter gjeldande tilskotsordning er det høve til å sette vilkår for taubanedrift for å sikre miljøverdiar, omsyn til landskap m.m. Dersom tilskotsordninga går ut, vil det bli sterkare press på bygging av enkle driftsvegar i desse områda. Det vil ikkje lenger vere same høve til å sette vilkår for å sikre miljøverdiane og sikre mot erosjon, masseutgliding m.m.

Vi viser elles til grunngjevinga for at skogverkemidlane skal overførast til kommunane er å styrkje det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, betre målretting og effektivisering av verkemiddelbruken m.m. Vi kan derfor ikkje sjå fagleg god nok grunngjeving for at ordninga med tilskot til taubanedrift skal fjernast.

Etter § 5-2 kan det gjevast tilskot til drift av tømmer med hest. Vi kan ikkje sjå at hest har plass i eit moderne og økonomisk retta skogbruk anna enn som stimulans til hestemiljøet og kanskje ved tynningsdrift i vanskeleg terreng. Drift med hest er ein skånsam driftsmetode med lite terrenginngrep likeeins som taubanedrift. Det kan ikkje vere faglege grunnar til å skilje desse driftsmåtane i tilskotssamanheng, og reagerer på same måte som for bortfallet av tilskot til taubane.

Kapittel 6. Søknad og saksbehandling m.m.

Der bidrag frå andre partar eller annan verksemd enn skogbruket er med på finansiering av samarbeidstiltak, må krav til skriftleg avtale m.v. i § 6-1 og gjelde for samla finansiering. Til § 6-3 meiner vi i utgangspunktet at utbetaling av tilskot skal skje når tiltaket er ferdig godkjend av kommunen. Førning av tilskot og utbetaling skal inntil vidare skje ved fylkesmannen. Så lenge fylkesmannen har ansvaret for utbetaling av tilskot, meiner vi at kommunen bør samrå seg med fylkesmannen om eventuell delutbetaling.

Kapittel 7. Avsluttande bestemmingar.

I §7-1 står det at kommunen skal i nødvendig utstrekning kontrollere at tiltaka er gjennomført i tråd med føresetnaden. Nødvendig utstrekning er eit upresist omgrep, og det bør enten definerast kva som ligg i omgrepet, eller så må ein stryke det frå forskrifta.

Vi meiner at det bør være kontrollplikt for alle veger med tilskot som følgje av at tilskota som blir betalt ut er relativt store. Resultatkontroll av forynging felt må ha heimel i meir enn denne forskrifta om tilskot. Plikt til forynging gjeld alle hogstfelt.

2. Høyring - utkast til forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal stiller seg positiv til omlegginga av dei spesifikke tilskotsordningane. Endringa er i tråd med målet om å styrkje lokaldemokratiet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ynskjer å kommentere nokre av avsnitta i høyringsutkastet til *forskrifta om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket*.

§ 2 Virkeområde

Fylkesmannen ynskjer ei presisering på om heile landbrukseigedomen lyt ligga innanfor LNF- området/ område regulert til jordbruk, eller om det held at delar av eigedomen ligg innanfor dei presiserte planområda.

§ 3 Vilkår

Det er ikkje lenger høve til at forpaktarar av landbrukseigendomar i offentleg eige kan søkje om tilskot til bevaring av bygningar o.a. Fylkesmannen meiner dette er uheldig. Verdiane på slike eigendomar i offentleg eige er ofte store, t.d. bygningar på prestegardar. Kontraktane mellom forpaktar og det offentlege som oftast langsiktige. Ved å ta inn i forskrifta at leigetakarar av offentlege eigendomar med kontrakt på minst ti år kan søkje tilskot har ein høve til å ivareta verdiane på slike eigendomar.

§ 4, 3. ledd - Tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

I fylgje utkastet til forskrifta kan ein yta eingongstilskot med inntil 100 % av tilskotsgrunnlaget i planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. Fylkesmannen meiner at dersom ein ynskjer å stimulera til lokalt engasjement så bør ein kunne setje krav til eigeninnsats frå søkjarane. Eit eingongstilskot med inntil 75% av tilskotsgrunnlaget kan vera høveleg.

§ 6 Søknad og søknadsfrist

I høyringsutkastet står det at miljøplan skal leggjast ved der dette er pålagt. Fylkesmannen ynskjer ei presisering i paragrafen om dette gjeld både trinn 1 og trinn 2 i miljøplanen, og om korleis kommunen skal forhalda seg til organisasjonar/stiftelser o.a. som ikkje er pålagde å utarbeida miljøplan.

§ 8 Administrasjon, dispensasjon og klage.

Fylkesmannen ser det som positivt at kommunane skal utarbeida overordna retningslinjer for prioritering av søknader i dialog med Fylkesmannen og næringsorganisasjonane lokalt.

Med helsing

Ole Syltebø
Landbruksdirektør

Harald Nymoen
Fylkesskogsjef

Vedlegg: Kommentar til avgrensing av tilskot til vegformål.

Vedlegg til høyringsbrev om forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

I høyringsskrivet blir det varsla at det i tildelingsbrevet til fylkesmennene og vidare til kommunane vil bli lagt ei avgrensing slik at tilskot til vegformål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50 % av tildelt beløp til skogtiltak i den einskilde kommunen. Vi kan ikkje sjå at det er gitt noka grunngjeving for dette.

Møre og Romsdal har mange og små skogeigedomar. Vegdekkinga er nå 6 meter veg pr hektar. For å legge til rette for rasjonell drift i naturskogen og i kulturskogen som står framfor haustingsfasen, er det viktig at utbygginga av eit kostnadseffektivt vegnett kan halde fram slik at vegdekkinga kan kome opp mot same nivå som i skogstrøka. Til dette trengs ei tilskotsordning som kan vere eit godt virkemiddel for vidare utbygging av vegnettet. Den tilskotsordninga vi har hatt i ei årrekke har vore eit tenlig og framsynt virkemiddel. Den har stimulert til utbygging av vegløyser for større skogområde med mange eigedomar, og der det blir tatt omsyn til miljø- og friluftsiinteressene.

Dei siste 3 åra har det i M&R til saman vore utbetalt 13,7 mill kr i tilskot til skogsvegar og andre relevante skogbruksformål etter den nye forskrifta. 4,8 mill kr eller 35 % er utbetalt til andre relevante skogformål og 8,9 mill kr eller 65 % til skogsvegar. Ved ei nærare analyse av aktiviteten på kommunenivå, ville innføring av den omtalte avgrensinga ført til ein reduksjon frå 8,9 mill kr til 2 mill kr som ville vere tilgjengeleg til vegformål i 3-årsperioden. Vedlagt følgjer tabell med kommunetal for tilskot til dei relevante tiltaka i 3 - årsperioden 2000-2002.

Utbetalt tilskot til relevante skogtiltak og skogsvegar i 1000 kr

	2000		2001		2002	
	Skogkultur	Skogsveg	Skogkultur	Skogsveg	Skogkultur	Skogsveg
Molde	143	29	61	88	128	423
Vanylven	0	28	0	0	7	9
Volda	41	117	53	86	87	0
Ørsta	44	21	55	1007	55	432
Ørskog	44	21	11	38	33	37
Norddal	10	0	0	0	1	0
Stranda	7	12	4	0	11	10
Stordal	2	398	3	122	1	71
Sykkylven	6	308	1	0	14	0
Skodje	23	91	13	540	19	468
Vestnes	51	0	47	55	28	28
Rauma	85	393	57	161	69	435
Neset	122	38	172	19	68	91
Fræna	79	79	134	0	15	212
Eide	4	0	7	0	3	0
Averøy	42	59	31	0	19	0
Gjemnes	47	9	39	51	62	38
Tingvoll	109	157	51	14	77	112
Sunndal	106	139	66	28	20	66
Surnadal	289	150	238	1018	283	421
Rindal	138	137	149	17	90	36
Aure	98	235	50	0	51	0
Halsa	227	57	192	0	206	0
Heile fylket	1771	2556	1467	3293	1567	3001
Ved 50% avgrensing		628		577		775

Konklusjonen av dette er at det årlige beløp som kommunane kan bruke på veg etter innføring av ei slik avgrensing vil bli kraftig redusert. Dessutan vil ei slik ordning bli lite tenleg som virkemiddel for å få til rasjonelle og kostnadseffektive vegløyisingar. Dette vil føre til ei sterk reduksjon av investeringane i eit framtidsretta vegnett med fare for at mykje av den skogen som skal haustast i løpet av dei komande 30 åra blir ståande som ikkje drivbar. Ut frå dette vil vi prinsipalt rå til at avgrensinga med maks 50 % til vegformål blir stroke, subsidiært at ei slik avgrensing blir innført på fylkesnivå.

Harald Nymoen
Fylkesskogsjef



71258157

TELEFAX

Sider inkl. denne:

7

Til:

Tor Indtberg. Avd. for skog- og nærsu. sp.

Firma:

LD

Telefax nr.:

22 24 27 53

Frå:



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Landbruksavdelinga

Tlf: 71 25 81 59

Fax: 71 25 81 57

Saka gjeld:

Hereng forskrifter spesielle miljøtiltak
i landbruket og forskrift tilk. nærings- og
miljøtiltak skogbruket.

Erstatter det. sendt pr. e-post 11/12-03

☐

Vi telefonerer

☐

Etter avtale

☐

Telefoner til oss

☐

Vi ber om svar

☐

Til orientering

☐

Hastar

☐

Til godkjenning

Helsing

Harald Høyem

Dato

12/12-03

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Landbruksavdelinga

Fylkeshuset

6400 Molde